

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 21.01.2019
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Ingrid Dirdal
SAKA GJELD: **Oversikt regionale planar under arbeid - januar 2019**

ARKIVSAK: 2017/953
STYRESAK: 003/19

STYREMØTE: 05.02. 2019

Administrerende direktør si orientering pkt. 4

Styret i Helse Vest RHF bad i møtet den 07.09.17 om å få oversikt over regionale planar som er under arbeid eller revidering. Vi legg her fram ein oppdatert oversikt (per. 21.01.2019):

Førebels namn på planarbeidet	Kommentar/status
Regional plan for psykisk helse	Etter drøfting i styret i november 2019, sak 115-18, vert saka følgt opp. Det vert lagt fram ny sak våren 2019.
Regional plan for behandling og rehabilitering av hjerneslag	Skal reviderast i tråd med revidert nasjonal retningslinje og pakkeforløp for hjerneslag. Ventar på ferdigstilling av fase 2 av pakkeforløpet som er venta i 2019.
Kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi i Helse Vest	Under utarbeiding. Skal etter planen leggjast fram for styret i Helse Vest i mai/juni 2019.
Regional helseberedskapsplan - revidering	Er under ferdigstilling. Forventa styrebehandling i april 2019.

Førebels namn på planarbeidet	Kommentar/status
Regional plan for pasienttryggleik og forbetring	Oppfølging av Program for pasienttryggleik. Ventar på ferdigstilling av nasjonal handlingsplan for pasientsikkerheitsområdet. Det regionale planarbeidet har særskilt merksemd på forbetningskunnskap og varige strukturar. Planen er planlagt ferdigstilt hausten 2019.